

V A S S B O T N


Fiskeanalysen vart foreteken den 16. sept, 1982.

Då Nesstølvatnet er såpass stort, vart det foreteke eit prøvefiske i den sør-vestre delen av vatnet inkl. Vassbotn.

Dei kjemiske tilhøva her var presis like dei som vart målte i Nesstølvatnet (nord-austre delen).

Det vart sett ut 6 garn av ymse maskestørleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 62 aurar.

Ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på garnomfara vil sjå slik ut.



Det vart ikkje teke prøver av alle fiskane her, men stikkprøver vi tok synte kvit kjøttfarge og dårleg kondisjon. Heile fangsten gav inntrykk av sterk overbefolkning.

Sjå elles det som er skrive om Nesstølvatnet.